JUS114 Juridisk metode: Kursrapport

Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen – våren 2014

KURSRAPPORT - JURIDISK METODE (JUS114)

1. Faglærers vurdering av gjennomføring

a) Praktisk gjennomføring

i. strukturen på kursopplegget: Eg har i og for seg ikkje innvendingar til strukturen på kursopplegget, men meiner at dette kurset kjem altfor tidleg i studieløpet.

ii. forelesningene: Erik Monsen hadde forelesingane. Helst skulle eg hatt forelesingane sjølv, men dette var ikkje mogleg denne gongen. Ei slik arbeidsdeling er ikkje heldig.

iii. brukte oppgaver – både i arbeids- og storgruppen: Arbeidsgruppeoppgåvene og rettleiingane til desse er altfor tett knytta til pensumlitteraturen.

iv. skriving og kommentering: Det vart på referansegruppemøtet rapportert om ein del problem med kommentering i KARK. Sjølv har eg ingen merknader til dette.

v. gjennomføring av arbeids- og storgruppesamlingene: Nokre studentar tok på referansegruppemøtet til orde for at første arbeidsgruppemøte burde kome allereie første veka i kurset. Sjølv meiner eg det er eit poeng at studentane har arbeidd litt med faget før den organiserte undervisninga startar opp.

vi. obligatorisk kursoppgave: Ikkje aktuelt for dette kurset.

vii. eksamen: Eg har ingen merknader til dette.

viii. samarbeid med administrasjonen: Eg er godt fornøgd med samarbeidet med administrasjonen.

b) Strykprosent og frafall: Fire kandidatar fekk karakteren F (1,30%).

c) Karakterfordeling: Karakteren A (8,14%), karakteren B (27,36%) og karakteren D (19,54%) ligg innafor dei rammene som følgjer av retningslinjene. Karakteren C (38,11%) vart tildelt litt fleire enn det som følgjer av retningslinjene, men avviket er likevel marginalt. Karakteren E (5,54%) vart tildelt ein del færre enn det som følgjer av retningslinjene.

d) Studieinformasjon og dokumentasjon: Eg har ingen merknader til dette.

e) Tilgang til relevant litteratur: Det kom i referansegruppemøtet fram ulike syn på pensumlitteraturen. Forholdet mellom pensumlitteratur og tilleggslitteratur bør kanskje klargjerast ytterlegare.

2. Faglærers vurdering av rammevilkårene

a) Lokaler og undervisningsutstyr: PC-utstyret fungerte ikkje alltid i seminarromma, og anna utstyr (kritt, svamp, tusjar til whiteboard) mangla regelmessig. Eg veit ikkje om det pr. dato er etablert rutiner for regelmessig kontroll av at nødvendig utstyr fungerer og er tilgjengeleg, men om slike rutiner er etablert, bør dei gjennomgåast. Dette fungerer ikkje særleg godt pr. dato. Det er heller ikkje greitt å kome inn i eit seminarrom der det står skitne koppar, glass og fat.

b) Andre forhold: Eg har ingen merknader til dette.

3. Faglærers kommentar til studentevalueringen(e) (referansegruppemøtet)

a) Metode – gjennomføring: I tillegg til referansegruppemøtet, hadde eg eit uformelt møte med eit par av arbeidsgruppeleiarane for å få deira syn på arbeidsgruppeoppgåvene. Begge desse møtepunkta var nyttige for meg som kursleiar. Det vil likevel alltid vere ein viss tvil knytta til kor representative innspela frå referansegruppemøtet er, men dette er nok ei uvisse ein berre må leve med.

b) Oppsummering av innspill: Det kom nokså mange innspel, både knytta til arbeidsgruppeoppgåvene, forelesingsrekka og pensumlitteraturen. Innspela er ikkje eintydige, men eg vil i alle fall trekke fram at innspela avdekkar eit behov for å gjennomgå arbeidsgruppeoppgåvene. Vidare vart det oppfatta som uheldig at kursleiar og forelesar ikkje var ein og same person. Dette skapte grunnlag for uvisse blant studentane, kanskje særleg knytta til om eksamen ville vere tilpassa det som vart vektlagt i forelesingane. Det tette bandet mellom forelesingar og pensumlitteratur vart også trekt fram som mindre heldig. Studentane var i all hovudsak fornøgde med storgruppene, men faktum i fleire av dei dommane som vart gjennomgått var komplekst, og ein brukte nokså mykje tid på storgruppene på å gjennomgå dette før ein kom til dei metodiske poenga.

c) Ev. underveistiltak: Eg har ingen merknader til dette.

4. Oppfølging av fjorårets evaluering

Eg har ikkje kjennskap til fjorårets evaluering. Eg tok over fagansvaret på så seint i 2013 at det i alle tilfelle ikkje var høve til å gjere endringar av fjorårets opplegg.

5. Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak

Etter mitt syn er det behov for å gjere endringar i dette kurset. Oppgåvesettet bør gjennomgåast, særleg med sikte på å gjere arbeidsgruppeoppgåvene betre eigna for diskusjon og refleksjon. Dessutan må rettleiingane til arbeidsgruppeleiarane forbetrast, slik at desse ikkje berre viser til pensumlitteraturen. Dommane som blir gjennomgått på storgruppesamlingane er gode i den forstand at dei illustrerer metodiske poeng, men faktum er komplekst, og gjeld nokså vanskelege juridiske problemstillingar. Eg planlegg å skrive ein kort introduksjon til desse dommane, slik at studentane brukar mindre tid på å sette seg inn i faktum, og kan prioritere arbeidet med dei metodiske poenga. - Eg har tidlegare tenkt at eg sjølv ville halde forelesingane i faget frå og med våren 2015, men uvissa knytta til utfallet av arbeidet med ny studieordning gjer at eg er mindre sikker på om eg vil bruke mykje tid på eit slikt utviklingsarbeid denne hausten. Eg er i dialog med Erik Monsen om han har høve til å halde forelesingane også våren 2015, men eg har ikkje konkludert endeleg i dette spørsmålet. Dersom kursansvar og ansvar for forelesingane blir delt også i 2015, er det viktig at eg som kursleiar er til stades på første forelesing i kurset. - Elles er det eit spørsmål om dette kurset kjem for tidleg i første studieår, og eg nøyer meg her med å vise til mitt innspel til studieordningskomiteen om det same.

Bergen, 19. mai 2014

Bjørnar Borvik, kursansvarleg JUS114